

Hammar-Kameratane As  
 Hella 60  
 5936 MANGER

Referanser:  
 Dykker: 2a40b763-404f-4aab-bf1b-  
 81036e904422  
 Vår: 22/7672 - 22/93277

Saksbehandlar:  
 Linda Hammersvik Folkestad  
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
 07.12.2022

## Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsel - KV 6019 gbnr 444/74 **Mangerneset**

**Tiltak:**

Endra bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg  
 Mangersnesvegen – Gbnr 444/74

**Byggjestad:**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søker:**

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for ny einebustad – Gbnr 444/74.

**Saksutgreiing:**

Informasjon om saka:

Det søkast om utvida bruk av eksisterande avkjørsle i samband med søknad om dispensasjon for bygging av einebustad. Det er krav om 2 parkeringsplassar for personbil i samband med tiltaket.

**Vurdering/drøfting:**

Kommunal veg er etablert som ei eitfeltsveg med to køyreretningar. Avkjørslane langs vegen skal fungere som møteplassar for køyretrøy. Kommunal veg er ikkje skilta med særskilt fartsgrense.

Fartsgrense følgjer av Vegtrafikklova § 6. Krav til sikt i avkjørsler er ihht regelverk satt til 4 x 45 meter.



**Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50  
 00

post@alver.kommune.no  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
 Organisasjonsnummer: 920 290 922

Langs kommunal veg skal det være veggrøft med ei minste bredde på 1,0 meter. Under avkøyrsle som kutter veggrøft skal det leggast ned dreneringsrør som sikrar at overvatn har fritt løp igjennom avkøyrsla. Dreneringsrør skal ha ei minste innvendig diameter på 200 mm.

Avkøyrsle frå privat veg inn på eide dom skal leggast i god avstand frå eksisterande avkøyrsle frå kommunal veg. Avstand skal være slik at avkøyrsle frå privat veg kan stette dei same krava ein har til avkøyrsle frå offentleg veg. Køyretøy som kjem ut i frå eide dom, skal stå vinkelrett på kommunevegen ved utkjøring i kommunal veg.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på vilkår.

#### **Vedtak:**

Med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk gjev Alver kommune løyve til etablering av avkøyrsle til fritidsbustad på GBNR 331/15. Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkøyrsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkøyrsle som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift om alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsler frå offentleg veg, Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkøyrsle, sikt, svingradius, drenering under avkøyrsle, samt at ein skal snu på eigen grunn.
- Siktsone skal være ihht Vegnormal N100. Minstekrav til sikt er satt til 4 x 45 meter. Siktsona skal til ein kvar tid haldast ved like av eigar/brukarane av avkøyrsla. Siktsone skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå.
- Svingradius definerer avkøyrsla og skal sikre at køyretøy som skal ut i vegen står vinkelrett på denne. Svingradius skal òg sikre at køyretøy kan svinge i begge retningar. Avkøyrsla sin svingradius er satt til  $r = 4$  meter.
- Avkøyrsla skal være etablert slik at den ikkje leder overvatn inn frå og ut i kommunal veg. På dei to første metrane skal avkøyrsla ha jamt fall på 5 cm før avkøyringsvegen stiger/faller. Maks stigning/fall på avkøyringsveg er satt til 1:8.
- Under avkøyrsla skal det leggast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn frå grøft får fritt løp inn og ut av røyet.

Langs kommunal veg skal det være eit grøfteareal med ei minste bredde på 1,0 meter. Grøftearealet skal være opparbeida slik at området ikkje innbyr til parkering eller hensetting av sikthindringar.

- Det skal etablerast snu areal på eigen grunn. Snu areal skal ikkje nyttast til parkering. Det skal være mogleg for køyretøy å snu inne på eide dom når parkeringsplassane er i bruk.
- Når avkøyrsle er ferdig opparbeida skal det sendast inn melding om dette til kommunen. Kommunen vil da besiktige avkøyrsla.

**Vedtaket gir berre løyve til å nytte avkøyrsle frå kommunal veg iht Veglova. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp gjer merksam på at utbetringstiltak på avkøyrsle kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Avkøyringsvedtaket forutsett at andre godkjenningar ligg føre.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav til avkjørsle frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunnleggjast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4. ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Mottakarar:**

Hammar-Kameratane As

Hella 60

5936

MANGER